



Norddal kommune

Retningslinjer for bruk av nynorsk i Norddal kommune

Introduksjon

Nynorsk er administrasjonsmålet i Norddal kommune, og skal dermed brukast på alle område i kommunen. Dette omfattar sakshandsaming, rettleiingar og skjema på alle tenesteområde, som rådmannskontor, helse- og sosialtenester, tekniske tenester, oppvekst, kultur. Dersom tilsette ikkje har god nok kompetanse i skriftleg nynorsk, har dei rett på å få opplæring eller tilgang på malar som inneheld dei korrekte fagtermane.

Særskilde omsyn

På nokre område er det særleg viktig å vere medvitne om nynorsken sin plass:

- I skulane og barnehagane må dei tilsette vere ekstra medvitne om ansvaret sitt for å vidareformidle gode haldningar og kunnskapar om nynorsk språk. Nynorsk skal vere hovudmålet i skulane i Norddal, og nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Opplæringslova seier likevel at frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølve kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke. I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva for talemål dei vil bruke. Undervisningspersonalet og skuleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar.
- I undervisning av vaksne innvandrarar i Norddal kommune, *skal* ein bruke nynorsk som opplæringspråk og nynorsk undervisningsmateriell.
- I biblioteka skal ein ha stor breidde i utval av nynorsk litteratur.

Generelle retningslinjer

- Kommunen skal i hovudsak nytte ord og former frå godkjende ordlister. Det er òg eit mål at vi stavar og bøyer orda rett.
- Ordleggingsmåten er kanskje den viktigaste reiskapen for å få eit flytande, lett og godt språk. Det kan vere lurt å førestille seg ein konkret person som mottakar av teksten din. Då kan det vere lettare å tilpasse teksten på ein god måte.

Nokre kjenneteikn på god ordlegging:

- Vi skriv aktiv, heller enn passiv:

*Ordføraren tok saka opp til avrøysting, ikkje
Saka vart teken opp til avrøysting av ordføraren.*

- Vi brukar helst personlege pronomen, også når vi omtalar kommunen eller kommunetilsette:

*Vi viser til søknaden din/dykkar, ikkje
Ein viser til Dykkar søknad*

- Vi brukar heller verb enn substantiv der det er naturleg:
Det er viktig at kommunen er med på å utforme søknaden, ikkje Kommunens medverknad er viktig ved utforminga av søknaden.
- Vi unngår typiske moteuttrykk og skoddespråk:
*Ordføraren sa til pressa, ikkje ...uttalte i forhold til pressa. Nokre døme på slike uttrykk er:
arena, agenda, fokusere, i forhold til, vere i forkant, konsept, lokalisere, -messig, policy, proaktiv, relativt, relatere.*
- Vi unngår feil med særskriving:
Det er forskjell på sær skriving og særskriving, koke bøker og kokebøker, bar assistent og barassistent, røyk fritt og røykfritt, lamme lår og lammelår.

Særskilde retningslinjer for nynorsk

Der det finst valfrie former, bør vi velje den forma som ligg nærast talemålet. I kommunen vår rår vi til å bruke desse formene i nynorsk:

*me/vi, de–dykk/dokker–dokker
a-infinitiv eller e-infinitiv
bølgje/bølge, søkje/søke, tilhengjar/tilhengar, tilsetje/tilsette
difor/derfor, dinest/dernest
då/da, klår/klar
fyrst/først, bylgje/bølge
føremål/formål, føreord/forord
gjev/gir, tek/tar, lèt/lar
kome/komme, løn/lønn, ven/venn
skule/skole, sundag/søndag*

Det kan vere vanskeleg å velje rett ord på nynorsk. Vi bør til dømes bruke:

*anbod, ikkje anbud
avgjerd, ikkje avgjersle eller beslutning
(av)røysting, ikkje avstemming
førerett, ikkje fortrinnsrett
førebuing, ikkje forberedelse
føresegn for bokmål bestemmelse i en lov. Men forskrift om bokmål forskrift
føresetnad, ikkje forutsetning
løyve, ikkje bevilling
løyving, ikkje bevilgning
skattlegging, ikkje beskatning
stillingsomtale, ikkje -beskrivelse
teieplikt, ikkje tausheitsplikt
tilråding heller enn innstilling
utgreie/greie ut, ikkje utrede*